
Saksnr: 2020/50118-9
Saksbehandlar Jostein Justin Vandaskog
Dato: 30.10.2020

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Gjennomgang av regelverket om skiltmynde

Samferdselsdepartementet (SD) skriv i brev til Statens vegvesen 6. august 2020 at dei har merka seg at fleire fylkeskommunar har tatt opp ynskje om skiltmyndigheit i ulike høyringsinnspel i samband med Regionreforma. SD peiker også på lovnaden om å utgreie dette nærmare, jf [Prop. 79 L Endringer i veglova mv. \(overføring av fylkesveiadministrasjon\), pkt. 5.4:](#)

«Departementet viser til at om og i hvilken grad fylkeskommunene bør få overført den kompetansen som regionvegkontorene og/eller kommunene har på fylkesvei etter gjeldende regler i vegtrafikkloven, må vurderes konkret for den enkelte myndighetsoppgave. Dette krever en egen utredning og påfølgende høring av eventuelle forslag til endringer i myndighetstildeling. Herunder må overordnede hensyn til trafikkavvikling og fremkommelighet, forutsigbarhet for trafikantene, og trafiksikkerhet belyses. I et slikt utredningsarbeid vil det være hensiktsmessig å se hen også til arbeidet med eventuelle nasjonale føringer for fylkesveinettet, jf. omtalen i kapittel 8.2.2. Departementet har merket seg høyringsinnspillene og vil på et senere tidspunkt utrede hensiktsmessig fordeling av myndighetsoppgaver etter vegtrafikkloven for fylkesveiene.»

På bakgrunn av dette ser Samferdselsdepartementet «at det er behov for å gjennomgå regelverket om skiltmyndighet i lys av opphør av sams vegadministrasjon».

Derfor har SD gitt Statens vegvesen fylgjande oppdrag: «vurdere behovet for regelverksendringer knyttet til skiltmyndighet for den enkelte myndighetsoppgave. Myndighetstildeling etter gjeldende regelverk som skaper praktiske utfordringer etter avvikling av sams vegadministrasjon, må prioriteres først.»

Den 27. oktober avvikla Statens vegvesen eit digitalt «lyttemøte» der alle fylkeskommunane fekk komme med innspel til dette arbeidet. Til liks med alle dei andre fylkeskommunane, peikte Vestland fylkeskommune på at ein må få overført mynde til skiltvedtak for å oppnå effektiv og heilskapleg forvaltning av fylkesvegnettet.

Fylkeskommunane er invitert til å komme med ytterlegare skriftlege innspel til prosessen innan 13. november. Dette innspelet vil fokusere mest på tekniske konsekvensar av regelverket på eit detaljert nivå. Vi vil også fylgje opp vedtaket frå fylkesutvalet sak PS 210/2020 Høyringsfråsegn om nasjonale føringar pkt. 11:

Fylkesutvalet meiner det er særst uheldig og i strid med Stortinget sine føringar om overføring av sams vegadministrasjon at oppgaver etter vegtrafikklova ikkje er vurdert i høyringsarbeidet. Fylkesutvalet vil peike på:

a. Fylkeskommunane må få tilført vedtaksmynde etter skiltforskrifta. Dagens praksis der fylkeskommunen ikkje kan fatte eigne vedtak etter skiltforskrifta er unødvendig tids- og

*ressurskrevjande, byråkratiserende og vanskeleg å forstå for alle involverte. Spesielt vil ein peike på mynde til å gjere vedtak på fartsgrenser.
b. Fylkeskommunen må få sjølvstendig mynde til å gjere mellombelse vedtak om forbod mot all trafikk, eller utføre anna regulering av trafikk, jf. vegtrafikklova § 7, som t.d. å setje ut sperringar ved ras og flaum.*

På bakgrunn av utgreiinga Statens vegvesen no gjer, vil truleg SD ta stilling til om det skal gjerast endringar i skiltforskrifta, og moglegvis i vegtrafikklova. Det vil i så fall fylgje dei vanlege prosedyrane for slike endringar, og vil truleg i beste fall vere gjeldande frå medio 2022.

Vedlegg

- 1 Påmelding til lyttemøte om skiltmyndighet og innspel til agenda
- 2 Skiltmyndighet - Invitasjon til møte med fylkeskommunene
- 3 20_5499-11 Opphør av sams vegadministrasjon- nødvendige endringer i regelverket om skiltmyndighet.PDF